



**SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE**  
SENTRALADMINISTRASJONEN  
Kulturavdelinga

(1)

Riksantikvaren  
postboks 8196 Dep.

0034 OSLO

Sakshandsamar: Berit Gjerland tlf: 57 82 50 17

| Arkivkode | Vår ref.            | Dykkar ref. | Dato     |
|-----------|---------------------|-------------|----------|
| C51       | Arkivsnr.: 99/00598 |             | 03.05.01 |
|           | L.nr.: 017228/01    |             |          |

**VINGEN HELLERISTNINGSSOMRÅDE - VINGEN GBNR. 78/1, 2, 6, 78/3, 4,  
78/5,7 OG VINGELVEN GBNR.77/1, BREMANGER KOMMUNE  
FORSLAG TIL OMRÅDEFREDING I MEDHALD AV LOV OM KULTURMINNE  
§ 19, JAMFØR § 22  
- OVERSENDING TIL RIKSANTIKVAREN**

Sogn og Fjordane fylkeskommune oversender med dette ovanfornemnte til Riksantikvaren som fredingsstyresmakt for endeleg avgjersle. Vi ber Riksantikvaren om å fatte vedtak om freding Vingen helleristningsområde, Bremanger kommune i medhald av Lov om kulturminne av 9.juli 1978 nr.50 § 19. Vedtaket sitt innhold bør tilsvare fredingsforslaget som har vore ute til høyring.

**Saksgang fram til endeleg fredingsforslag**

Varsel om oppstart av fredingssaka vart i samsvar med Lov om kulturminne § 22.1. sendt til eigarane, inklusive Arkeologisk institutt og kommunen i brev av 16.02.99. Det vart også sendt berørte partar som fylkesmann si miljøvernavdeling og Kolset Krins Utviklingslag. Samstundes vart det offentleg kunngjort i Norsk Lysingsblad, Firdaposten, Fjordenes Tiende og Firda. Det vart halde ope møte i Svelgen den 22.2.99. Det var 5 vekers frist, og det kom inn seks uttaler til fredingsvarslet (1-6). Dei er referert og kommentert nedanfor, dei inngjekk i forslaget om freding.

Det blei deretter utarbeidd forslag til områdefreding som vart sendt på høyring i 10 veker til samtlege nemnt ovanfor i brev av 8.06.99. Forslaget blei samstundes lagt til offentleg ettersyn i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Bremanger kommune, og det låg på fylkeskommunen si heimeside på Internett. Forslaget vart offentleg kunngjort i ovanfornemnte avisar. Det vart sendt pressemelding om saka til samtlege lokalavisar i fylket. Det vart halde ope møte i Kolset skule, Leirgulen den 29.06.99. Det kom inn seks uttaler til fredingsforslaget (7-12), som er referert og kommentert nedanfor.

Framlegg om freding av 8.06.99 vart i brev av 7.09.99 oversendt Bremanger kommune for handsaming i kommunestyret. Refererte og kommenterte uttaler inngjekk i

kunngjeringa i avisene kom same dagen som informasjonsmøtet vart halde. Merknaden om rekreasjonsområde på Vingeseset kan ikkje takast tilfølgje, sjå avsnitt om brukarinteresser.

6) Miljøvernavdelinga, Fylkesmann, brev av 8.04., peikar på at stadforståing er sentralt når det gjeld vern av kulturminne, det er positivt og viktig at kulturminneområdet blir vesentleg større enn der ein i dag har oversikt over at kulturminne finst. Kulturminneområdet bør få same grense som landskapsvernombretet, både av omsyn til ålmenta som kan ha vanskeleg for å skilje mellom to typer områdevern og for å gjere forvaltinga enklast mogleg. Vernereglane skal vere konsise og lette å finne fram i og tilrå ei oppbygging lik standard forskrift t.d. for naturreservat.

Kommentar: Grensene for kulturminneområdet er felles med landskapsvernombretet rundt Vingepollen med unntak av forslag om anna avgrensing mot aust. Å områdefreda eit endå større område er truleg vanskeleg å gjennomføre. Forskrifta for naturreservat er svært ryddig, vi må likevel i store drag følgje standard oppsett for freding etter Lov om kulturminne.

#### Innkomne uttaler til framlegg om områdefreding:

7) Hovudutval for kultur i Sogn og Fjordane fylkeskommune handsama saka i møtet 16.06.00, saks nr. 0033/99, og gjorde følgjande samråystes vedtak om uttale:

1) Hovudutval for kultur ser positivt på at arbeidet med områdefredinga er under gjennomføring. Områdefreding er eit viktig grep for å sikre dei eineståande kulturminna og få best mogleg forvaltning av desse.

2) Hovudutval for kultur sluttar seg til føremål og føresegner i fredingssaka.

3) Hovudutval for kultur finn det sær viktig at publikum innan visse rammer får hove til å sjå helleristningar i landskapet og føreset at det blir utarbeidd løysing som gjer dette mogleg samstundes som omsynet til helleristningane blir ivareteke på beste måte.

Følgjande tillegg i føreseggnene: "Det må sikrast tilkomst for tursti til det avgrensa verneområdet tilrettelagt for publikum."

Kommentar: Det er meininga at turstien kan nyttast som ein tilkomst til publikumsområdet når det er ope. Denne presiseringa kom diverre ikkje med i tekstdelen der turstien var nemnt i fredingssaka. Turstien må også presiserast ved ein dispensasjon til publikumsområdet. Desse forholda kring turstien vil bli innarbeidd i eksisterande tekst om turstien, sjå *Brukarinteresser*. Det spesifikke punktet om tilkomst til det freda området via turstien er etter vår vurdering ikkje rett å ha i føreseggnene som skal vere av overordna og generell karakter, men merknaden vil bli teke med i arbeidet med forvaltningsplanen.

8) Helga Vingelven, telefaks av 20.07.99, ser beitebruken i Vingen som problematisk i forhold til nye næringar (les reiseliv og ferdsle). Ho rår til at dyrehaldet på gbnr. 78/1-7 vert løyst inn til evig tid og at dyrehelsa frå same dag legg ned forbod mot dyrehald på bruket. Dyrehald er ikkje foreinleg med reiselivssatsing i eit sårbart område, der ein ikkje har vurdert tolegrensene.

Kommentar: I fredingssaka er det klårt gjort greie for kor viktig beitebruken er for skjøtselen av området. Det føreligg no (august) ein godkjent beiteavtale for 1999. I samband med forvaltingsplanen blir det som tidlegare nemnt, utarbeidd ein langsiktig beiteplan og beiteavtale for fredingsområdet.

9) Arkeologisk institutt, brev av 17.08.99, ser områdefreding, med hove til avgrensa og kontrollert ferdsle, som ein føresetnad for vern av det særprega kulturminneområdet i Vingen. Publikum sin tilgang til området må styrast av tolegrensa til kulturminna. Arkeologisk institutt støttar framlegget til avgrensing av fredingsområdet og påpeikar at det er påvist helleristningar

bufferson. Det blir føreslege å trekke ei rett linje mellom pkt. A og B for å unngå å komme i konflikt med med tur-ruta som følgjer eggja fra Vingeneset til Hesten, ei rute som berre lokalfolk kjenner og vil nytte. Dei ynskjer å flytte grensa for fredingsområdet sør for toppen av Hesten. Det bør utarbeidast beiteavtale snarast. Kolset Krins Utviklingslag er samd i at det bør tilretteleggast for besøk i avgrensa del av feltet, det er viktigare å auke opningstidene til "museet" enn å gjere eit større område tilgjengeleg. Utviklingslaget peikar på at ikkje førehandsmelde besökande har blitt møtt på ein svært uheldig måte frå vaktene.

Utviklingslaget peiker avslutningsvis på ulike samarbeidstiltak mellom folket lokalt og forvaltinga av Vingen.

Kommentar: Når det gjeld storleik på fredingsområdet etter Lov om kulturminne så er det i fredingssaka gjort greie for kvifor det må ha den storleiken. Det er berre Lov om kulturminne § 19 som gjev heimel til å regulere ferdsla. Det er naudsynt å regulere ferdsla av omsyn til helleristningane og i forhold til beitedyr. Det er den ukontrollerte ferdsla som har skapt svært store problem i Vingen. I samband med fredingssaka har det blitt arbeidd for å finne alternativ for friluftslivet der det kan komme i konflikt med fredinga. Vi må berre beklage dersom ordbruken m.m. i fredingssaka har virka støytande. Når det gjeld friluftsliv og båtfart så må det kunne vurderast, dersom trongen er der, om det bør etablerast ordningar for ilandstigning frå mindre båtar t.d. på Marøya. Når det gjeld ei umerka tur-rute som følgjer eggja fra Vingeneset og til Hesten så bør denne ruta etter vår vurdering kunne brukast av folk lokalt slik det er ynskje om. Det kan vere beitande dyr i området det må takast omsyn til. Vi gjer merksam på at Vingeneset treng aktiv skjøtsel av kulturlandskap og vegetasjon, og beitebruken i området må difor takast oppatt. Vi gjer merksam på at Hesten 803 moh, utgjer eit grensepunkt i landskapsvernombordet, men den er ikkje omfatta av områdefredinga. Vi ynskjer å bruke grensene for landskapsvernombordet slik at folk får få grenser å forhalde seg til. Sidan tur-ruta kan brukast, finn vi ikkje å imøtekjemme merknaden om å endre grensa for områdefredinga på Vingeneset av omsyn til friluftslivet. Når det gjeld framferd til vaktene så er brevet, til dykkar orientering, oversendt den instans som hadde ansvar for guidane. Vi ser svært positivt på at folk lokalt vil engasjere seg i Vingen, og vi set pris på forslag til tiltak og lokal kompetanse som kan nyttast i samband med informasjon og tilrettelegging, noko vi vil komme attende til seinare. Vi vonar at det no, ikkje minst gjennom fredingssaka er informert slik at folk lokalt og andre forstår kvifor det har vore så naudsynt å bruke dei verkemidla som her er nytta.

12) Fylkesmann, brev 20.08.99: er positiv til vern som kulturminneområde ettersom vern som landskapsvernombordet ikkje gjev tilstrekkeleg godt vern av helleristningane og busetnadsspor. Fylkesmann støttar framlegget til grenser for kulturminneområdet og fredingsføresegner. Det blir peikt på at opplysningsane om helleristningane ved pkt. D, Vingelvsætra må framgå av dei vidare sakspapira. Båtfart til Vingeneset er ikkje foreinleg med fredinga av kulturminna der. Båtfart bør kanaliserast til andre områder, t.d. Marøyna. Stiller seg tvilande til trong for merkt tursti til Tussurfjellet/Hesten, bør i såfall lengast nordfor verneområdet. Av omsyn til ro for beitedyra bør ein merkt sti etablerast først etterat eit beitegjerde langs grensa er komme på plass. Fylkesmann peikar på kor viktig forvaltings- og skjøtselsplan er for området.

Kommentar: Opplysningsane om dei nyoppdaga helleristningane ved Vingelvsætra m.m. framgår av oversendingsbrevet til kommunen og vil bli innarbeidd i endeleg fredingsforslag.

#### Uttale frå Bremanger kommunestyre:

13) Bremanger kommunestyre handsama saka i møtet 28.09.99, sak 0063/99, og gjorde følgjande vedtak om uttale:

Bremanger kommune har gjeve tre uttaler, inklusive frå kommunestyret. Kommunen ynskjer auka høve til tilgjenge til helleristningane ved at fredingsområdet blir så lite som mogleg, at eit framtidig publikumsområde blir så omfattande som mogleg og opningstidene blir vesentleg auka. Vi vil bemerke at størrelsen på eit publikumsområdet skal ikkje avgjerast no, men merknaden er likevel kommentert ovanfor. Det skal også bemerkast at kommunen ikkje har vurdert dei negative sidene ved auka tilgjenge, noko som gjerne var forventa. Kommunen har på 1990-talet har delteke i årlege fellesmøter om forvaltinga i Vingen og er såleis vel kjend med problem med sikring og bevaring av helleristningane, beitebruk i Vingen, skjøtsel av kulturlandskapet og konflikter med desse når det gjeld turisme, friluftsliv og anna ukontrollert ferdslle i området.

Kolset Krins Utviklingslag har konkrete merknader i forhold til avgrensingar i friluftsliv. Vi finn å ikkje kunne komme i imøte ynskjet om å nytte Vingeset som friluftsområde og har grunngjeve det i fredingssaka og i kommentarane våre. Det er peikt på alternative friluftsområde. Tur-ruta på nordsida av Vingeset kan nyttast utan at grensejustering er naudsynt.

#### Sluttmerknader

Fylkeskommunen viser til ovanforståande og tilrår overfor Riksantikvaren at det blir fatta vedtak om freding etter Lov om kulturminne § 19 i tråd med oversendt fredingsforslag.

Vi gjer merksam på at dersom det er ytterlegare merknader så skal desse sendast til Riksantikvaren.

Med helsing

  
Lidvin M. Osland  
Fylkesdirektør

  
Ingebjørg Eikstad  
seksjonsleiar

Vedlegg: Forslag til områdefreding i medhald av Lov om kulturminne § 19,  
med tilhøyrande kart  
Kopi av alle høyringsuttalene

Kopi til:

Ester Hanson v/Tor Hanson, Rollandsvei 10 B, 5115 ULSET  
Elkem ASA, Bremanger Smelteverk, 6723 SVELGEN  
Universitetet i Bergen v/Bergen museum, H.Hårfagresgt.1, 5007 BERGEN  
Helga Vingelven, Vingelven, 6734 RUGSUND  
Torbjørn Vingen, Fjellveien 43, 6770 NORDFJORDEID  
Bremanger kommune, 6723 SVELGEN  
Arkeologisk institutt, H.Sheteligs Pl.1, 5007 BERGEN  
Fylkesmann, Miljøvernavdeling, 6863 LEIKANGER  
Kolset Krins Utviklingslag v/Åse Leirgulen, 6734 RUGSUND  
Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sentraladministrasjonen, 6863 LEIKANGER

## Føremål med fredinga

Føremål med områdefredinga av Vingen er å sikre helleristningane og dei andre automatisk freda kulturminna som vitskapleg kjeldemateriale i landskapsrommet.

## Forslag til fredingsføresegner

Fredingsføresegne er fastsett med heimel i Lov om kulturminne § 19. Føresegne gjeld i tillegg til Lov om kulturminne sine reglar om automatisk freda kulturminne og forskrift om fagleg ansvarsfordeling m.v. etter kulturminnelova av 09.02.1979 nr.8785, sist endra 17.01.2001 nr.32.

### II

Områdefredinga utelukkar annan bruk av området enn den som følger av desse føresegne.

### III

Innanfor det freda området må det ikkje setjast i verk tiltak eller verksemd som kan endre området sin karakter eller på anna måte motvirke føremålet med fredinga.

Det gjeld alle former for utbygging eller inngrep som anlegg, kai, veg, hus, hytter eller andre landskapsinngrep. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Dette gjeld med følgjande unntak:

#### *Verksemd*

1. Grunneigarar og andre som har eideom eller særskilde bruksrettar i området kan bruke området som før.
2. Naudsynt vedlikehald av eksisterande bygningar og anlegg i området er tillete. Større endringar som tilbygg, endring av takdekke, farge m.v. eller tiltak i samband med dispensasjon til ferdsle/turisme, må godkjennast av forvaltingsstyresmakta.
3. Dokumentasjon, konservering og vitskapleg arbeid med helleristingane og andre kulturminne i området kan utførast av rette vedkommande kulturminnestyresmakt.
4. Fredinga er ikkje til hinder for skjøtsel og beiting som fremjar oppretthalding av kulturlandskapet, føresett at det ikkje endrar området sin karakter eller har negative konsekvensar for dei automatisk freda kulturminna og kulturminna frå nyare tid.
5. Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyremakta gjev fullmakt, kan utarbeide skjøtselsplan og setje i gang skjøtsel for å oppfylle føremålet med fredinga.

#### *Ferdsle*

6. Ilandstiging frå båt, fortøyning ved kaia og ferdsle i området er ikkje tillete. Unntak gjeld ferdsle i samband med ambulanse, brannvern, politi, oppsyn, forvalting, skjøtsel og etter særskilt dispensasjon.

I fleire år har det blitt gjort skader og bevisst hærverk på helleristningane i Vingen (i åra 1978-1993 er det registrert skadeverk i 9 sesongar). Det er rissa, ripa og spraya på figurane. Fire skadeverk er meldt til politiet, men sakene er ikkje oppklåra.

Dei sterke interessene for å bruke Vingen til turisme og friluftsliv, og dei negative erfaringane frå tida før mellombels freding vart gjennomført, har gjort det påkrevd å kontrollere ferdsla i heile landskapsrommet med helleristningane. Det er påkrevd å ha heimel til å regulere ferdsla og verksemd slik at den ikkje fører til fare for skade på helleristningsfeltet og for å sikre skjøtsel, intensiv beiting og andre tiltak for å bevare og forbete omgjevnadane kring helleristningsfeltet.

Landskapsvernombretet har ikkje gjeve helleristningane tilstrekkeleg vern. Vernereglane kan ikkje nyttast til å regulere ferdsla i forhold til helleristningane. Etter vernereglane kan det setjast forbod mot telting, leirslåing og fastsetjast nærmere reglar for ferdsla, men det må vere i forhold til geologi, planteliv og fauna.

Det er naudsynt å kontrollere ferdsla i landskapsrommet. Det er helleristningar utanfor hovudlokalitetane med figurar, og det er naudsynt å setje grensa for områdefredinga ved den nærmeste horisontlinja opp frå Vingen ("Oppå Vingefossen") av omsyn til beiting og ferdslle. Landskapsrommet dannar ei sterk visuell ramme rundt helleristningane, og det blir oppfatta som ein viktig heilskap rundt helleristningane.

#### **Lokalisering og eigedomsforhold. Reguleringsmessig status**

Vingen helleristningsområde omkransar Vingepollen som ligg like ved den indre skipsleia sør for Nordfjorden.

Det er følgjande eigrarar i området:

Vingen gbnr. 78/1,2,6 - Elkem ASA Bremanger

Vingen gbnr. 78/3,4 - Ester Hanson

Vingen gbnr. 78/5,7 - Universitetet i Bergen

Vingelven gbnr. 77/1 - Helga Vingelven

Området er del av Vingen landskapsvernombret, verna ved kronprinsreg. res. av 09.05.1980. Vingen landskapsvernombret blei oppretta for å verne eit vakkert naturlandskap med viktige kulturhistoriske særtrekk (helleristningsfelt). Landskapsvernombretet og vernereglane blir oppretthaldne.

Arbeid med forvaltningsplan for Vingen er oppstarta.

#### **Helleristningane i Vingen som kulturminne. Skildring av området**

Det er registrert ca 2.000 enkeltfigurar fordelt på 250 små og store felt. Mange felt ligg i Vingen, sør for Vingepollen, innanfor ei ca 650 m lang og 40 - 100 m brei sone. På Vingeset, nord for Vingepollen, ligg felta innanfor ei ca 275 m lang og 75 m brei sone. Hjortedyr er dominerande motiv, og det er talrike ulike abstrakte og geometriske figurar. Det finst også nokre menneskefigurar. Helleristningane blir tradisjonelt datert til siste del av eldre steinalder og tidleg yngre steinalder, dvs. 6.000 - 4.000 år gamle.

Frå slutten av 1700-talet og fram til 1933 budde folk fast i Vingen. Det har også budd folk på Vingeneset. I Vingen vart alle tilgjengelege flater mellom berg og steinar nytta til dyrking. Her finst kulturminne frå nyare tid i form av hustufter, rydningsrøyser, steingjerde, veiter og dyrkingsterrassar. I Vingen står det i dag 5 bygningar, ein enkel fritidsbustad oppført på gammal husmur, ei bu, to naust der eitt er omarbeidd til feltstasjon, "Naustbua", og ei vaktbu, "Vingebu", i tillegg til ei kai.

### Brukinteresser

Framtidig bruk må vere i samsvar med føremålet og føresegne for områdefredinga. Fredingsforslaget stenger ikkje for framtidig bruk av området.

#### *Reiseliv/turisme*

Det er sterkt ynskje frå reiselivsnæringa og frå Bremanger kommune om å utnytte området i samband med turisme og marknadsføre det som eit "fyrtårn". Bremanger kommune ynskjer at heile området skal tilretteleggast for besökande. Frå reiselivsnæringa er det uttrykt at eit avgrensa areal kring kaia er tilstrekkeleg. Reiselivsnæringa er interessert i langsiktige løysingar.

Områdefredinga legg opp til at det kan gjevast dispensasjon med vilkår for eit publikumsområde. Området vil bli definert som museumsområde med regulert ferdsel til avgrensa tider. Helleristningane er spreidde over større areal, og det har alltid vore avgrensa del av felta som har vore tilgjengeleg for publikum. Eit klårt definert og avgrensa publikumsområde vil vidare redusere faren for slitasje og øydelegging av helleristningane og tilhøyrande kulturminne (kulturlag og overflatestrukturar) ellers i området. Det mogleggjer at sårbare felt m.m. blir haldne utanfor tilgjenge for publikum. Det er erfaringmessig betre å skjøtte området med beiting når publikum er henvist til bestemte område. Ei tilrettelegging vil også sannsynlegvis innebere tekniske installasjoner etc, og det er ynskjeleg å avgrense desse i dette opne landskapet. Bremanger kommune utarbeider no planar for eit presentasjonsenter i Skatstraumen, der m.a. Vingen får ein viktig plass. Grundig og fyllestgjevande informasjon om helleristningane blir gjeve der og reduserer presset i turismesamanhang på Vingen.

#### *Fiske*

Kystfiskarar driv yrkesfiske m.a. i Vingepollen. Fiske i Vingepollen kan forsette, og manntalsførte fiskarar kan nytte låssetjingsplassane på land og utsiktsplassen i Vingehola som før.

#### *Friluftsliv/rekreasjon*

Frå lokalt hald er det uttrykt ynskje om å bruke området som frilufts- og rekreasjonsområde i samband med båtfart, spesielt Vingeneset. Vingen og Vingeneset ligg nær skipsleia. Småbåtferdsla langs kysten er forventa å auke i kommande år, og med den trangen for friluftsområde i samband med småbåtferdsla.

Helleristningsfelta på Vingeneset ligg like ved dei stadene det er naturleg å gå i land på Vingeneset. Av omsyn til helleristningane kan ikkje Vingeneset og Vingen brukast som rekreasjonsområde. Eit friluftsområde må vere ope for alle, ikkje berre tilgjengeleg for folk med ulik lokal tilknyting.

**Fylkeskommunen si vurdering av området  
Grunngjeving for fredingsforslaget**

Helleristningane i Vingen er av stor nasjonal og internasjonal kulturhistorisk verdi. Det har samanheng dels med mengde og type figurar og dels med det særprega natur- og kulturlandskapet dei ligg i. Det er eit overordna mål å sikre primærmaterialet på staden, helleristningane kan ikkje takast inn og sikrast i eit museumsmagasin.

Bevaring av helleristningar og problema i Vingen har gjennom åra hatt stort fokus i fylket. Det har gjeve folk flest større innsikt og forståing i desse problema, og det er utbreidd haldning at "no må noko gjerast".

Helleristningane er sterkt trua i dag. Det er naudsynt å ha heimel til å kontrollere og regulere ferdsla slik at skader på helleristningane blir unngått. Ferdsleforbodet sikrar helleristningane mot skade påført av folk, det sikrar også at intensiv beiting, der igjennom skjøtsel av kulturlandskapet og andre naudsynte tiltak i forhold til bevaring av helleristningar kan gjennomførast. I kulturminneforvaltinga i dag blir det stadig meir vektlegging av kulturminna sin plass i landskapet, og det er viktig at lovverket som primært skal sikre dei nasjonalt viktige kulturminna, sikrar dette omsynet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som viktig og naudsynt å få på plass langsiktige og permanente ordningar for helleristningsområdet.

Erfaringar både frå Vingen og frå områdefredingar ellers i landet tilseier at det er viktig å sikre eit tilstrekkeleg stort areal. Grensene for landskapsvernområdet og for områdefredinga samanfall rundt Vingepollen, med unntak av i aust. Etter vår vurdering vil ei felles grense for dei to områdefredingane gjer det enklare for folk flest å forhalde seg til dei to typane områdevern. Grensa for området går hovudsakleg i "himmelsjå", horisonten rundt Vingepollen og er difor forståeleg for folk flest.

Det er lite ynskjeleg å hindre folk sin bruk av allemannsretten. Etter ei samla vurdering finn fylkeskommunen det likevel rettast at omsynet til å sikre helleristningane veg tyngre enn ålmenta sin frie tilgang til heile området med helleristningane og landskapsrommet dei ligg i.

Det har blitt vurdert om dei nyregistrerte helleristningsfelta ved Vingeleva skulle inngå i områdefredinga. Helleristningsfelta ved Vingeleva er etter vår vurdering ikkje trua på same måte som felta i Vingen og på Vingeset, og det blir difor ikkje føreslege å utvide fredingsområdet. Skulle det likevel seinare vise seg naudsynt så vil ei utviding vurderast.

Fylkeskommunen utfører eit statleg delegert forvaltingsansvar for automatisk freda kulturminne og må ha eit regionalt perspektiv på forvaltinga. Vi meiner det i saksframstillinga er gjort greie for tenelege løysingar også i forhold til interesser, friluftsinteresser, som ikkje kan i møtekomma med fredinga.